



Blir modular løysinga mellom anna for skulen i Uskedalen?

Vert satsing på modular løysinga på dei store utbyggingsoppgåver som ligg foran kommunen?

Arbeidarpartiet ved leiar Arve Opsanger har invitert Malthus AS til å presentera løysingane sine på dette området. Eit av prosjekta som kan vera aktuelt er skulen i Uskedalen, seier Opsanger til uskedalen.no. Dei største er Undarheim og Rosendalstunet.

Andre moglege prosjekt er omsorgsbustader og kontor for kommunale tenester.

Opsanger slår fast at drifta er kommunen si største utfordring, men store investeringsoppgåver er og krevjande for kommunen å realisera i ein vanskeleg økonomisk situasjon.

- Difor må vi orientera oss om kva alternative utbyggingsformer som finns i tillegg til at ein vurderar forskjellige driftsformer, seier Opsanger.

Og difor har han invitert Malthus til å presentera modul-løysingane sine innanfor skule, omsorg og kontorbygg.

Presentasjonen vert i kommunestyresalen etter formannskapsmøtet tysdag 14. mai. Den vert open for alle og mellom dei inviterte er gruppeleiarane, fagforeningar, media og rådmannen. Opsanger presiserar at Malthus er tilfeldig valgt og at det ikkje er knytt forpliktingar til presentasjonen,

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen